

RAPPORT NR. 3/1989

KONTROLL MED
FORUREINING FRÅ LANDBRUKET
SESONGEN 1988

FEBRUAR 1989

FØREORD

Denne rapporten oppsummerer fylkesmannen sin kontroll med landbruksforureining i 1988. Kontrollarbeidet er utført av Signe Berit Sollien og Asbjørn Tufto, som var engasjerte i sommarsesongen. Av dei fast tilsette ved miljøvernavdelinga er det vesentleg Torunn Berg og Elin Hilde som har teke del i kontrollarbeidet.

Rapporten er skriven av Elin Hilde.

INNHALD

	side
1. SAMANDRAG OG KONKLUSJON	1
2. INNLEIING	2
3. OPPLEGG FOR KONTROLLEN	
3.1. Registrering av landbrukskontoret	2
3.2. Samarbeid mellom etatane	2
3.3. Tradisjonell kontroll	3
3.4. Prioritering av område/bruk	3
4. RESULTAT OG DRØFTING	
4.1. Omfang av kontrollen	3
4.2. Forureining	5
4.3. Manglar ved siloanlegga	6
4.4. Disponeringsmetode for silopressaft ...	7
4.5. Manglar ved gjødselanlegga	7
4.6. Reaksjon frå fylkesmannen	8
4.7. Bruk av forureiningsgebyr	9
4.8. Situasjonen i ulike deler av fylket ...	10
4.9. Registrering av gardsbruk	11
4.10. Situasjonen over tid	11
4.11. Disponering av husdyrgjødsel	13
4.12. Melding til politiet	13
4.13. Målsetjing og tiltak framover	14

VEDLEGG

1. SAMANDRAG OG KONKLUSJON

FYLKESMANNEN HAR I SESONGEN 1988 KONTROLLERT TEKNISKE ANLEGG PÅ CA 150 GARDSBRUK I OPPLAND. 80 % AV DESSE BRUKA ER KONTROLLERTE FØR, OG HALVPARTEN AV DEI 150 HAR FÅTT SKRIFTLIG PÅLEGG OM Å GJERE UTBETRINGSTILTAK FOR Å REDUSERE FORUREININGANE. FEILPROSENTEN ER OM LAG SOM I TIDLEGARE ÅR.

VÅR KONTROLL VISER AT DEI TEKNISKE ANLEGGA STADIG MÅ VEDLIKEHALDAST FOR AT EIN SKAL UNNGÅ FORUREINING. DETTE KAN TYDE PÅ AT ANLEGGA I UTGANGSPUNKTET IKKJE ER AV GOD NOK KVALITET.

I TILLEGG TIL DEN TRADISJONELLE KONTROLLEN HAR VI REGISTRERT TEKNISKE ANLEGG PÅ CA 80 GARDSBRUK I 2 KOMMUNAR I FYLKET. DETTE ER EIN DEL AV DEN OMFATTANDE REGISTRERINGA SOM LANDBRUKSKONTORA HAR STARTA OPP FOR Å FÅ PLANLAGT TILTAK DER DET ER NØDVENDIG. BRUK SOM BLIR REGISTRERTE, FÅR IKKJE PÅLEGG FRÅ FYLKESMANNEN I FØRSTE OMGANG. DERIMOT BLIR MANGLANE PÅPEIKA, OG DET BLIR TILBODE PLANLEGGINGSHJELP.

FEILAKTIG SPREIING AV HUSDYRGJØDSEL SER UT TIL Å BLI EI STADIG MEIR ALVORLEG FORUREININGSKJELDE. VED UHELDIGE VERTILHØVE KAN DET MESTE AV GJØDSLÅ BLI VASKA UT. VINTERSPREIING ER OGSÅ EIT PROBLEM. HUSDYRGJØDSLÅ BLIR I ALTFOR LITEN GRAD SETT PÅ SOM EIN RESURS, SOM MÅ GÅ INN I KRETSLAUPET PÅ GARDEN. TILTAK MOT DETTE PROBLEMET ER FØRST OG FREMST RÅDGJEVING, OG PLANLEGGING AV DRIFTA PÅ GARDEN.

DET ER TYDELEG AT DET TRENGST BÅDE FORSKNING OG RETTLEIING OM KORLEIS EIN SKAL DRIVE PÅ EIN MILJØMESSIG OG RESURSMESSIG FORSVARLEG MÅTE, OG SAMTIDIG KUNNE LEVE AV LANDBRUKET. DEI FLESTE BØNDER INNØMMER AT DEI FORUREINAR, MEN DET ER FOR EIN STOR DEL UTVIKLINGA I LANDBRUKET SOM HAR SKAPT PROBLEMA. DETTE ER EI UTFORDRING IKKJE MINST FOR POLITIKARANE. EIN ENDA MEIR INTENSIV OG INDUSTRIALISERT PRODUKSJON VIL GJERE DET VANSKELEGARE Å LØYSE MILJØPROBLEMA.

2. INNLEIING

Forureiningane frå landbruket skaper problem med overgjødsling av vassdrag, oksygenmangel og ureint drikkevatt. Ein del av dette kjem frå punktkjeldene, silo- og gjødselelegg. Men det blir og tilført mykje næringsemne ved arealavrenning; overflateavrenning, utvasking og erosjon.

Fylkesmannen er forureiningsmyndigheit når det gjeld landbruksforureining, og fører såleis tilsyn med at lov og forskrifter blir følgde. Målet er å redusere forureiningane frå landbruket.

Det er fastsett forskrifter om silopressaft og husdyrgjødsel, som skal sikre at anlegg og drift ikkje forureinar vassdrag. Med heimel i Forskriftene kan fylkesmannen gje pålegg om utbetringstiltak på gardsbruk.

Dette er bakgrunn for den kontrollen som fylkesmannen utfører på gardsbruk i løpet av året.

3. OPPLÈGG FOR KONTROLLEN

3.1. Registrering av landbrukskontoret

I tillegg til fylkesmannen sin kontroll, blir det i Oppland gjort eit omfattande arbeid av landbrukskontora i kommunane. I år er det starta ei registrering av forureiningskjeldene på alle gardsbruk, i samband med algeinvasjonen i Nordsjøen, og tiltak for å redusere næringssalttilførslane.

Slik registrering har pågått eit par år i kommunane nærast Mjøsa, og delvis i fleire kommunar i fylket. Registreringa inneber at alle forureiningskjelder blir registrerte med tanke på den nye forskrifta om tilskot og lån til tekniske miljøtiltak. Det vil seie at både silo-, gjødsel-, kloakk- og hydrotekniske anlegg blir sjekka. Så blir evt. nødvendige utbetringstiltak planlagde og sette i verk.

3.2. Samarbeid mellom etatane

I dei tilfella brukaren ikkje er interessert i å gjere tiltak, men slike er nødvendige, kjem fylkesmannen inn i biletet. Fylkesmannen vil då gje nødvendige pålegg, eller undersøkje sakene nærare før pålegg blir gjeve. Dette krev eit nært samarbeid mellom vår etat, landbrukskontor og fylkeslandbrukskontor.

Fylkesmannen og fylkeslandbrukskontoret har i fellesskap utforma eit brev om opplegget, som går til alle bruk som blir registrerte. Det er også utarbeidd felles registreringsskjema, som blir brukte i alle kommunar. Sjå

3.3. Tradisjonell kontroll

I sesongen 1988 er det vesentleg 2 av dei fast tilsette som har stått for kontrollarbeidet, i tillegg til 2 engasjerte om sommaren. Det har vore litt kontroll i heile fylket. 21 av totalt 26 kommunar i fylket er besøkte i år, og 146 bruk er kontrollerte.

Fylkesmannen sin kontroll omfattar i motsetning til landbrukskontoret si registrering ikkje hydrotekniske anlegg. Bakkeplaneringsanlegg er heller ikkje med enno, fordi forskriftene om dette ikkje er ferdige. Vi ser det også naturleg med ei slik arbeidsdeling at landbruksmyndigheitene står for teknisk kontroll, og at fylkesmannen kjem inn der manglane krev formelle pålegg. Fylkesmannen sitt registreringsskjema er også med i vedl.

I år har vi berre utført etterkontrollar og ingen nye i dei 6 nærkommunane til Mjøsa. Dette fordi registreringa av landbrukskontora alt var i gong her. Det er viktig at det ikkje blir kollisjon mellom landbrukskontoret sine registreringar og fylkesmannen sin tradisjonelle kontroll. Av våre 146 kontrollar i år er 80 % etterkontrollar.

I tillegg til vår tradisjonelle kontroll har vi hjelpt 2 landbrukskontor med deira registrering på gardsbruk. Vi har registrert ca 80 gardsbruk i Øyer og Gausdal kommunar. Desse får då ikkje pålegg i første omgang, men vil bli følgde opp med planlegging frå landbrukskontora.

3.4. Prioritering av område/bruk

Fylkesmannen sin kontroll er i stor grad basert på innkomne klager og henvendelsar. Det kan vere illeluktande bekker eller ureint drikkevatt. Dette medfører aktivitet i heile fylket. Forureina drikkevatt i spreidd busetnad er eit problem i fylket vårt.

I år er det meste etterkontrollar i nærkommunane til Mjøsa, fordi dette området vart prioritert ifjor. Strakstiltaka i Mjøsa for å redusere forureiningane, har vore med å dirigere vår kontroll dei siste par åra. Kontrollen er også noko opptrappa i Hadelandskommunane i år.

4. RESULTAT OG DRØFTING

4.1. Omfang av kontrollen

Tabellen viser tal kontrollar utført sesongen 1988, fordelt på førstegongskontrollar (bruk som ikkje er besøkte før) og etterkontrollar (bruk som har fått pålegg i 1987 eller tidlegare). Tal pålegg gjeve i dei enkelte kommunane går også fram.

KOMMUNE	KONTROLLAR			PÅLEGG
	1. GONGSKONTR.	ETTERKONTR.	KONTR. IALT	PÅLEGG IALT
LILLEHAMMER	1	26	27	11
GJØVIK	0	8	8	5
DOVRE	0	1	1	1
LESJA	3	5	8	5
SKJÅK	3	4	7	5
LOM	3	2	5	3
VÅGÅ	0	1	1	1
NORD-FRON	1	6	7	5
SEL	0	6	6	5
SØR-FRON	0	1	1	1
RINGEBU	5	9	14	7
ØYER	1	0	1	1
GAUSDAL	1	12	13	7
ØSTRE TOTEN	1	1	2	1
VESTRE TOTEN	0	0	0	0
JEVNAKER	0	9	9	5
LUNNER	2	4	6	1
GRAN	2	15	17	5
SØNDRE LAND	1	4	5	3
NORDRE LAND	0	0	0	0
SØR-AURDAL	0	0	0	0
ETNEDAL	0	0	0	0
NORD-AURDAL	1	0	1	1
VESTRE SLIDRE	0	0	0	0
ØYSTRE SLIDRE	0	3	3	3
VANG	3	1	4	3
SUM	28	118	146	82

80 % av kontrollane i år er etterkontrollar. I motsetning til tidlegare er det satsa på 100 % etterkontroll av gjevne pålegg. Det er altså kontrollane i 1987 som for det meste har bestemt kontrollaktiviteten i år. Klager og henvendelsar gjer også at vi må besøkje dei fleste kommunane.

4.2. Forureining

Ved kontrollen blir det undersøkt om det skjer forureining av vassdrag frå silo-/gjødselelegg.


Påvist forureining betyr at bekk/grunnvatn/drikkevatt er merkbar forureina; begroing, lukt, misfarging.

Fare for forureining vil seie at anlegget er i ein slik stand at forureining kan skje: Lekkasje i gjødseleport, utett kjellar, silopressafta blir ikkje samla godt nok opp, pressafta blir infiltrert i grunnen. Det siste er ikkje lenger godkjend disponeringsmåte ifølgje retningsliner frå Landbruksdepartementet.

Det kan i mange tilfelle vere at grunnvatn/vassdrag blir forureina sjølv om vi ikkje kan registrere dette.

FORUREINING	SILOANLEGG		GJØDSELANLEGG	
	TAL	%	TAL	%
PÅVIST	17	14	12	8
FARE FOR	43	36	63	43
IKKJE PÅVIST	61	50	71	49
SUM	121	100	146	100

FIG. 1. FORUREINING FRÅ SILO- OG GJØDSELANLEGG




Det er i år registrert påvist forureining og fare for forureining frå 50 % av kontrollerte anlegg. Det vil seie at det i halvparten av tilfella ikkje er registrert forureining. Dette samsvarar også med det som er gjeve av pålegg, då halvparten av kontrollerte bruk får pålegg.

4.3. Manglar ved siloanlegga

Manglane kan vere av mange slag: Lekkasje i siloen, botn/vegg, luker, lekkasjar i røyr, pumpekum, pumpe manglar, tankvogna lek, feil ved spreieanlegget, mangelfull utkøyring, oppsamlingsanlegg manglar. Vi har gruppert feila i 4 grupper.

TYPE MANGEL	TAL	%
SILOANLEGG	24	34
OPPSAMLINGSANLEGG	39	56
SPREIEUTSTYR	0	0
DRIFT	7	10
SUM	70	100

FIG. 2. MANGLAR VED SILOANLEGGGA




Hovudproblemet ved utslepp av silopressaft er manglar ved oppsamlingsanlegget. Mange oppsamlingskummar er av betong, og ofte utette. Røyra kan også vere av ulik kvalitet. Vidare krev tømning av tanken tilsyn for at ein skal vere sikker på at ikkje forureining skjer. Utette siloar er vanleg, særleg ille er det når nye anlegg har dette problemet.

4.4. Disponeringsmetode for silopressaft

Vi har også registrert kva oppsamlingsmetode for pressafta som er nytta.

METODE	TAL	%
GJØDSELLAGER	35	39
TANKVOGN	26	29
SPREIEANLEGG	8	9
OPPFØRING	4	5
IKKJE GODKJEND METODE	16	18
SUM	89	100

FIG. 3. DISPONERINGSMETODE FOR SILOPRESSAFT



Gjødsellageret er mest nytta som oppsamlingsplass for silopressaft, sjølv om dette ikkje alltid er anbefalt av planleggjarane. 18 % av tilfella er utan godkjend oppsamling av pressaft. Her er det direkteutslepp eller infiltrasjon i grunnen. Målet er at alle skal ha godkjend oppsamlingsmetode.


4.5. Manglar ved gjødselanlegga

Mangel ved gjødsellagra er oftast portlekkasje. Mange har framleis plankeportar, som kan fungere bra. Fylkesmannen er forsiktig med å pålegge utskifting til prefabrikerte portar, dette i samråd med fylkeslandbrukskontoret.

Plankeportane blir aksepterte når dei er i forsvarleg stand. Eldre kjellarar er også ofte utette. Gjødsla er forholdsvis fast medan veta sig ut i grunnen.

MANGEL VED	TAL	%
LAGER	63	77
SPREIUTSTYR	3	4
DRIFT	16	19
SUM	82	100

FIG. 4. MANGLAR VED GJØDSELANLEGG




4.6. Reaksjon frå fylkesmannen

Halvparten av kontrollerte bruk fekk pålegg om å gjere utbetringstiltak på silo- og/eller gjødselanlegg. Det må gjerast tiltak på 40 % av siloanlegga, og 40 % av gjødsellagra. Mange bruk får pålegg om tiltak både på siloanlegg og gjødselkjellar.

TAL KONTROLLERTE BRUK	146	
FÅTT PÅLEGG	82	56 % AV KONTROLLERTE BRUK
IKKJE FÅTT PÅLEGG	64	44 % AV KONTROLLERTE BRUK

FIG. 5. REAKSJON FRÅ FYLKESMANNEN



121 av 146 kontrollerte bruk har siloanlegg (82 %). Dei siste åra har stadig fleire gått over til rundballe. Høytørke blir og meir aktuelt. Alternative metodar er ofte løysinga når eldre siloanlegg ikkje tilfredsstillar dagens krav. Påleggsprosent for siloanlegg er rekna i høve til talet på bruk som har silo.

Reaksjon siloanlegg:

TAL KONTROLLERTE BRUK	121	
FÅTT PÅLEGG	50	41 % AV KONTROLLERTE BRUK MED SILO
IKKJE FÅTT PÅLEGG	71	59 % AV KONTROLLERTE BRUK MED SILO

Reaksjon gjødselanlegg:

Alle kontrollerte bruk har husdyr. Vi ser også her at ca 40 % av brukene har manglar som har medført skriftleg pålegg.

TAL KONTROLLERTE BRUK	146	
FÅTT PÅLEGG	60	41 % AV KONTROLLERTE BRUK
IKKJE FÅTT PÅLEGG	86	59 % AV KONTROLLERTE BRUK

4.7. Bruk av forureiningsbegyr

Gebyrbruken er betydeleg opptrappa dette året. Dette er i samsvar med rundskriv T-2/88 frå Miljøverndepartementet. I 80 % av pålegga er det brukt gebyr. Storleiken på gebyret er som regel minst for silopålegga, fordi utbetningskostnaden her er mindre enn for tiltak på

gjødsellageret. Men mange bruk får pålegg med gebyr både for utbetring av silo- og gjødselelanlegg. Anbefalt gebyrbruk i retningslinene er 30 % av utbetningskostnaden. Vi vurderer elles også kor alvorleg forureiningsfaren er når gebyr blir fastsett.

	SILOANLEGG	GJØDSELANLEGG
TAL PÅLEGG MED GEBYR	44	47
% AV PÅLEGG	88	78
GJENNOMSNIITTLEG GEBYRSTORLEIK KR	4980,-	7200,-

Det var i 1987 fastsett gebyr i 6 saker. I 2 av desse var ingen tiltak gjort, og gebyret måtte krevjast innbetalt. Den erfaring vi har med bruk av gebyr til no, viser at verkemidlet er effektivt. Til neste år vil vi betre kunne talfeste dette, når dei fleste fristane for gjennomføring går ut.

4.8. Situasjonen i ulike deler av fylket

Vi har tradisjonelt delt fylket i 2 når det gjeld kartlegging av forureining, fordi det til no har vore ekstra innsats i Mjøsområdet for å betre situasjonen der. Vi har difor sett på fordeling av kontrollar og pålegg i fylket.

Mjøsområdet omfattar kommunane:

Østre Toten, Vestre Toten, Gjøvik, Lillehammer, Gausdal, Øyer, Ringebu, Sør-Fron, Nord-Fron, Sel, Vågå, Lom, Skjåk, Dovre og Lesja.

Vest-Oppland omfattar resten av fylket, d.v.s. kommunane:

Lunner, Jevnaker, Gran, Søndre Land, Nordre Land, Sør-Aurdal, Nord-Aurdal, Etnedal, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Vang.

	MJØSOMRÅDET	VEST-OPPLAND
TAL KONTROLLAR	101	45
TAL PÅLEGG	58	24
% MED PÅLEGG	57	53

Som vi ser er det ingen tydeleg skilnad mellom dei to delane av fylket. I Mjøsområdet har det vore gjort mykje tiltak også tidlegare under Mjøsaksjonen 1976 - 1982. Likevel ser det framleis ut til å vere behov for tiltak. Dette viser at anlegga krev stadig vedlikehald dersom ein skal unngå forureining. Ein omgang med registrering og

utbetring garanterer ikkje for at forureiningsproblema er løyst i framtida.

4.9. Registrering av gardsbruk

Fylkesmannen har som nemnt i kap. 3 gjort registreringar for landbrukskontora i Gausdal og Øyer. Tilsaman ca 80 bruk er registrerte i dei 2 kommunane.

Resultat av våre registreringar er:

1/3 av registrerte bruk er i orden eller treng ingen større utbetringstiltak. Desse blir ikkje spesielt oppmoda om å ta kontakt med landbrukskontoret for planleggingshjelp.

2/3 av bruka bør gjere tiltak, som kan vere ganske omfattande. Desse vil bli prioritert av landbrukskontoret for planleggingshjelp.

Desse bruka blir følgde opp av fylkesmannen med pålegg dersom det blir nødvendig. Dette er ein føresetnad for å nå målsetjingane om redusert forureining også frå landbruket.


4.10. Situasjonen over tid

Prosentdel bruk som får påpeika manglar har vore nokolunde jamnt gjennom åra. Halvparten av bruka er i orden, halvparten er det ikkje. Men det er grunn til å tru at manglane er mindre alvorlege enn før, i den forstand at lekkasjane er mindre, og større del av silopressafta blir samla opp.

Det er elles litt vanskeleg å samanlikne resultatet i ulike år, fordi det er ulike faktorar som er registrert; rapporterte manglar (brev med merknader), munnlege og skriftlege pålegg, pålegg med gebyr, forureining av vassdrag, utslepp frå anlegga.

Fig. 6 viser talet på kontrollerte gardsbruk gjennom åra. For 1988 er også bruk registrert av fylkesmannen med.

FIG. 6. KONTROLLERTE GARDSBRUK




Forureining:

1982:	18 % påvist forureining
	28 % påvist og sannsynleg forureining
1985:	25 % påvist forureining
	38 % påvist og sannsynleg forureining
1986:	8 % påvist forureining
	22 % påvist og sannsynleg forureining
1987:	25 % påvist forureining
	39 % påvist og sannsynleg forureining
1988:	10 % påvist forureining
	50 % påvist og fare for forureining

I kva grad det blir registrert forureining av vassdrag, er ofte avhengig av nedbørforholda den sommaren.

FIG. 7. FORUREINING AV VASSDRAG




Reaksjon:

1979:	69 % pålegg og rapporteringar/påpeika manglar
1980:	68 % "
1981:	53 % "
1982:	69 % "
	45 % formelle pålegg
1983:	67 % pålegg og rapporteringar (bruk med manglar)
1984:	70 % "
1985:	23 % formelle pålegg
1986:	66 % pålegg og rapporteringar
1987:	57 % formelle pålegg
1988:	55 % "

Rapportering betyr at det er påpeika manglar som bør utbetrast, men det er ikkje gjeve formelt pålegg med klageadgang til Miljøverndepartementet. Talet på pålegg og rapporteringar vil såleis vere høgare enn talet på formelle pålegg.

FIG. 8. REAKSJON FRÅ FYLKESMANNEN



4.11. Disponering av husdyrgjødsel

Disponering av husdyrgjødsel ser ut til å bli ei stadig meir alvorleg forureiningskjelde, i tillegg til punktutsløppa. Særleg gjeld dette spreing av blautgjødsla som skjer utanom vekstsesongen eller i regnver. Vinterspreing og utelagring av gjødsla om vinteren er også eit problem.

Fylkesmannen får ofte meldingar om at spreing av husdyrgjødsel har forureina private drikkevassbrønner. Vi har også registrert ca 20 tilfelle av gjødselspreing til no i vinter. I tillegg omtrent like mange tilfelle av utelagring av gjødsla om vinteren.

Ved flyovervaking av gjødselspreing i april 1988 vart det ikkje registrert nokon tilfelle av spreing. Derimot vart det observert eit par tilfelle av utslepp/lekkasje frå gjødselkjellar. Dette var ein prøvetur i eit avgrensa område som omfattar 4 kommunar.

Rådgjeving og planlegging av bruken av husdyrgjødsel er eit viktig punkt. Mange klarar ikkje å få disponert blautgjødsla utan at det fører til forureining av vassdrag. Det er framleis mange som opplever husdyrgjødsel som eit avfallsproblem i kretslopet på garden. Gardsdrifta blir i for liten grad planlagt som ein heilskap, der vekstskifte, gjødsling, føring, gjødslaehandtering, mekanisering er avhengig av kvarandre. Dette problemet kan berre løysast ved å betrakte garden meir som eit økosystem og planleggje drifta deretter.

4.12. Melding til politiet

I 1988 er det eitt tilfelle av forureining frå landbruket som er meldt til politiet. Dette galdt utslepp frå gjødselkjellar til bekk. Reaksjon var forelegg på kr 5 000,-.

Elles fekk vi i 1988 avgjerd i 2 saker frå tidlegare år, der forelegget også vart sett til kr 5 000,-. Desse 2 sakene galdt vinterspreiing av husdyrgjødsel.

2 forureiningssaker frå 1987 er pr idag ikkje ferdigbehandla hjå politiet. Desse gjeld også disponering av husdyrgjødsel.

4.13. Målsetjing og tiltak framover

Oppland høyrer med blant dei såkalla algefylka. Desse består av kystfylka på Sør- og Austlandet, i tillegg til Hedmark og Oppland. I desse fylka blir det no satsa på å redusere næringssalttilførslane til Nordsjøen innan 1995. Målet er antyda som 50 % reduksjon frå 1985 til 1995.

Fylkeslandbrukskontoret og fylkesmannen har utarbeidd planar for å redusere næringssalttilførslane frå landbruket fram mot 1995. Dette går ut på at landbrukskontora skal registrere evt. forureiningskjelder på alle bruk, og tiltak skal planleggjast og setjast i verk.

Brukaren er ansvarleg for å gjennomføre nødvendige tiltak for å hindre forureining. Og fylkesmannen kan pålegge utbetringar der det er forureining eller forureiningsfare. Slik oppfølging er nødvendig dersom ein skal nå målsetjinga om å minske forureiningane.

Desse tiltaka krev at fylkesmannen og landbruksetaten samarbeider om kontroll og registrering. Siste året har vi i den enkelte kommunen arbeidd i ulike soner, i tillegg til etterkontrollar. Fylkesmannen vil også i større grad drive vassdragskontroll, d.v.s. undersøkje om bekkene er forureina, og deretter gå til busetnaden omkring for å finne kjeldene.

I tillegg til kontrollen med tekniske anlegg på gardsbruk, vil vi intensivere kontroll med spreining av husdyrgjødsel.



FYLKESLANDBRUKSKONTORET
I OPPLAND
JORDBRUKSETATEN
TORDENSKJOLDSGT. 4A.
2800 GJØVIK
TELEFON 061 77110

FYLKESMANNEN I OPPLAND
MILJØVERNDELINGEN
STATSETATENEES HUS - GUDMUNDSDALEVN. 170/172 - 3900 LILLEHAMMER
SENTRALBORD: (062) 86 000 - DIREKTE INNVÅLG: (062) 86 061

10. juni 1988

**TILTAK MOT FORURENSNINGER FRA GJØDSELKJELLERE OG SILOER.
SAMARBEID MELLOM FYLKESLANDBRUKSKONTORET/LANDBRUKSKONTORENE
OG FYLKESMANNEN.**

Utslipp av næringsstoffer (fosfor og nitrogen) er en av hovedkildene til forurensning av våre vassdrag og sjøområder. For Mjøsa er det foretatt beregninger som viser at jordbruket bidrar med ca. halvparten av fosforutslippene. Miljøverndepartementet og Landbruksdepartementet har i fellesskap satt igang en handlingsplan for å redusere utslippene.

I forskrifter om lagring og spredning av husdyrgjødsel og forskrifter om silopressaft er det forutsatt et nært samarbeid mellom landbruksetaten og fylkesmannen. Landbruksetaten har ansvaret for faglig veiledning og teknisk planlegging og ferdiggodkjenning av anlegg. Fylkesmannen fører tilsyn med at forskriftene følges og at forurensninger ikke oppstår.

Som grunnlag for planlegging og prioritering av tilskott gjennomfører landbrukskontoret registrering på de fleste husdyrbruk.

Etter forskriftene er det fylkesmannen som skal gi pålegg om nødvendige utbedringer. Når det blir gjennomført tilfredsstillende tiltak som er godkjent av landbruksetaten er pålegg unødvendig.

Frister for planlegging og gjennomføring av tiltak fastsettes i samråd med fylkesmannen både ut fra hensyn til forurensningsproblemet og at det skal være rimelig tid til gjennomføring. Dersom fristene ikke overholdes er det fylkesmannen som følger opp saken.

I pålegg fra fylkesmannen vil det, etter retningslinjene fra Miljøverndepartementet, bli fastsatt forurensningsgebyr som forfaller til betaling dersom fastsatte frister ikke overholdes.

Fylkeslandbrukssjefen i Oppland

Fylkesmannen i Oppland

Leif Skomakerstuen

Knut Korsath
Knut Korsath

REGISTRERING GJØDSELKJELLER/SILOANLEGG.

Bruker:..... **Gårdsnavn:**.....

Adresse:..... **Ø.nr.:**..... **B.nr.**.....

Kommune:..... **Reg. dato:**..... **Reg. av:**.....

Besetning	Antall 1/1-88	Eventuelle avvik	m ³ /mnd.
Kyr (1,5 m ³ /mnd)
Ungdyr (3 pr.ku)
Purker (0,4)
Sl.gris (0,2 pr.plass)
Sau (0,15)
Høner (100x) 0,7
Annet

Melkeromsavløp: (10 liter/dag x ku) Hvor?:..... Til kjeller.

Gjødsellagerbehovmnd.lagring =m³

Kjellerstørrelse (hvor mye kan lagres)m³

Byggeår: 19.....

Brukers mening om kjellerstørrelse: Stor nok: For liten:

Dyrket areal: daa. eget + daa. leid = daa.

Nyttbart spredeareal. = daa.

Årlig brukt spredeareal = daa.

Spredetidspunkt:.....% vår.% høst.% event.sommer.

Spredemetode:	<u>Tekn.utstyr tømning</u>	<u>Tekn.utstyr spredning</u>
	Skuffe/lesseapp. <input type="checkbox"/>	Skuffe <input type="checkbox"/>
	Skruer <input type="checkbox"/>	Tankvogn <input type="checkbox"/>
		Gylle <input type="checkbox"/>
	Skilt land/gjødsel ja <input type="checkbox"/> nei <input type="checkbox"/>	

Er det registrert avrenning fra kjeller: ja nei

I tilfelle ja: port(er) vegg(er) gulv drenering annet

Er kjeller tilstrekkelig armert? ja nei uviss cm.....vegg

Antatt forurensing: betydlig noe av betydning ikke av betydning

Ydet tilskott under Mjøsaksjon: ja nei

Kommentar:

Tiltak nå:

Når mulig:

Pressaft

Antall siloer.....

1. Byggeår.....

m³ surfor.....

2 Byggeår.....

m³ surfor.....

3 Byggeår.....

m³ surfor.....

4 Byggeår.....

m³ surfor.....

Totalt

(før inn nr. for siloer i aktuelle ruter)

Silotype

Tårnsilo

Plansilo

Materialer:

Trø

Betong

Stål

Trø+pløst

Betong+belegg

Glassfiber

Belegg pÅ gulv

Ja

Nei

Høstemetode: Direktehøsting

Totrinshøsting

Annet

Pumpekum: Betong

Betong + belegg

Pløst

Ikke

(Mellom)lager: Egen tank

Til gj.kjeller

I silo

Direkte utpump.

Pumpes til tankvogn og spres

Rør overgang silo/pumpekum: Pløst

Betong

Tegl

Løkkasjer:

Silovegg

Gulv

Sluk

Overgang gulv/vegg

Rør fra silo til kum

Pumpekum

Mellomlager

Ikke synlige løkkasj.

Er det gitt tilskott til silo/pressaftanlegg siste 10 år?

Ja

Nei

Har Fylkesmann kontrollert anlegget?

Ja

Nei

År

Tidligere utført pålegg.

Ja

Nei

Kommentar:

Tiltak:

Når mulig

REGISTRERING SENKINGS-OG LUKKINGSANLEGG

Bruker:	Gårdsnavn:	
Adresse:	G.nr:	B.nr:
Kommune:	Reg.dat:	Reg.av:
Driftsform	Ensidig korn <input type="checkbox"/> Allsidig planteproduksjon <input type="checkbox"/> Grovfordyrking <input type="checkbox"/>	
Jord-bearbeiding	Dyrket jord:.....da Åpent areal:.....da <u>Pløying:</u> Høst.....da, Vår.....da Sommer.....da, Plogfri.....da <u>Pløyeretning:</u> På tvers av fallet.....% Med fallet.....%	
Vatning	Hvor stor del av arealet vannes?.....% Pumpe <input type="checkbox"/> Naturlig trykk <input type="checkbox"/> Småspredere <input type="checkbox"/> Storspredere <input type="checkbox"/> Vatningsmaskin <input type="checkbox"/>	
Bakke-planering	Er det bakkeplanert? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Areal:da Tilstand: God <input type="checkbox"/> Mindre god <input type="checkbox"/>	
Senking-og lukkings-arbeid	Er det åpen kanal/bekk/grøft over eller inntil dyrka jord? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Antall anlegg..... (ved flere anlegg, snu arket) <u>Tilstand:</u> Anlegg nr..... Skjer det graving i kanalbunn/sider? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Er det igjengroing i deler av kanalen? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Siger kanalsider? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Er det erosjonssikret? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Nødvendige utbedringstiltak:..... Er det lukket bekk/kanal over dyrket jord? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Antall anlegg..... Rørdimensjon..... <u>Tilstand:</u> Anlegg nr..... Inntakskum? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> m/rist? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Nedløpskum? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Antall kummer..... Er kum/nedløp i orden? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Er ledningsutløp sikret mot erosjon? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Er det skade på nedløp/utløp? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> I så fall hvor?..... Er dimensjoneringen god nok? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Nødvendige utbedringstiltak:..... Andre forhold som medfører erosjonsfare:.....	
Kloakk	Er avløpsanlegg for husholdningskloakk i orden? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	
Gjødselplan	Er du interessert i å få utarbeidet gjødselplan? Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/>	

**KONTROLLSKJEMA - LANDBRUKSFORURENSNING
FYLKESMANNENS MILJØVERNAVDELING**

Kommune: Kommunennr: Gnr: Bnr:

Bruker : Eier :
Gardsnavn/adr : Adr :
Poststed : Poststed :

Kartnr : UTM :

Vassdragnr : Vassdragsområde :
Vassdrag : Nedbørsfelt :
Resipientnavn :

KONTROLL - SILO

Dato:

Forurensning

Mangel

Disponering av pressaft

- 1. Påvist
- 2. Fare for
- 3. Ikke påvist

- Silokum
- Oppsamlingsanlegg
- Spredeutstyr
- Drift

- 1. Gjødtsel/landkum
- 2. Tankvogn
- 3. Spredeanlegg
- 4. Foring
- 5. Direkte utslipp i sjø
- 6. Ikke godkjent metode

Anlegg med lekkasje : m³
Anlegg uten lekkasje : m³
Totalt silovolum : m³

KONTROLL - GJØDSEL

Dato:

Forurensning:

Mangel

- 1. Påvist
- 2. Fare for
- 3. Ikke påvist

- Lager
- Spredeutstyr
- Drift

Anlegg med lekkasje : m³
Anlegg uten lekkasje : m³
Totalt gjødselvolum : m³

KONTROLL - BAKKEPLANERING

Dato:

Forurensning

Mangel

- 1. Påvist
- 2. Fare for
- 3. Ikke påvist

- Helling
- Avløp
- Fylling
- Inntak
- Grøtting
- Grasdekte veier
- Tilplanting
- Vedlikehold

Bakkeplanert m/feil:
Åpen åker (daa):
Eng/beite (daa):
Bakkeplanert u/feil :
Åpen åker (daa):
Eng/beite (daa) :

Merknader:

Kontroll utført av:

Deltatt på kontrollen:

MERKNAD:

VOLUMTABELL FOR RUND SILO

H					
12	85	150	235	339	603
11	78	138	215	311	552
10	71	125	196	282	502
09	63	113	176	254	452
08	56	100	157	226	402
07	49	88	137	198	351
06	42	75	118	170	301
	3	4	5	6	8 D

SITUASJONS SKISSE:

A large grid for drawing a situation sketch. The grid is 20 columns wide and 20 rows high. The first row and the first column are shaded gray. The text 'SITUASJONS SKISSE:' is located in the top-left corner of the grid area.